Fôring av sau med lite heimeavla grovfôr

Forfatter
Finn Avdem, Nortura

Sammendrag
Tørke mange stader i sør-Noreg gjev ein svært utfordrande situasjon for mange når det gjeld å skaffe nok beite og vinterfôr til sauene. Her er Team Småfe (Nortura) sine beste råd for å kome igjennom vinteren med minst mogleg økonomisk tap. Dei to viktigaste er: • Det lønner seg å prøve og levere slaktemogne lam som oppnår kvalitetstilskot og kvalitetstillegg. • Det lønner seg å halde produksjonen oppe, både når det gjeld tal søyer og produksjon pr. søye, sjølv om dette betyr at ein må kjøpe inn meir fôr.

Publisert
2018

Referanse
Sau og Geit Nr. 4/2018

Utskriftsdato
11.09.2026 www.fag.nsg.no

Fôring av sau med lite heimeavla grovfôr

Tørke mange stader i sør-Noreg gjev ein svært utfordrande situasjon for mange når det gjeld å skaffe nok beite og vinterfôr til sauene. Her er Team Småfe (Nortura) sine beste råd for å kome igjennom vinteren med minst mogleg økonomisk tap. Dei to viktigaste er:

- **Det lønner seg å prøve og levere slaktemogne lam som oppnår kvalitetstilskot og kvalitetstillegg.**
- **Det lønner seg å halde produksjonen oppe, både når det gjeld tal søyer og produksjon pr. søye, sjølv om dette betyr at ein må kjøpe inn meir fôr.**

Tekst: Finn Avdem, fagsjef småfe, Nortura og
Erling Skurdal, tilførselsleiar småfe Region Øst

Ikkje alle søyer får appetittfôring med grovfôr i år.

Heimebeitet tørkar bort

Ein del har sau på heimebeite der manglande nedbør gjer at det blir liten gjenvekst. Fiberrikt kraftfôr fungerer fint på lam, sjølv med liten andel grovfôr. Ei løysing kan da vera å setje ut kraftfôrautomatar og støttefôre lamma med fiberrikt kraftfôr etter appetitt. Lamma må ha rikeleg tilgang på vatn. Sjølv om det vil gå mykje kraftfôr, vil dette likevel lønne seg mot å slakte lam som ikkje er slaktemogne. Det vil alltid lønne seg å fôre lamma til at dei oppnår kvalitetstilskotet (O+ eller betre) og Stjernelam-kvalitet (minimum 15,1 kg slaktevekt ca. 40 kg levandevekt, O+ eller betre, feittgruppe 1+, 2-, 2,2+, 3- og 3).

Har du eit område som du likevel skal rydde, så vil sauen setje pris på å få lauv og kvist og gnage på i tillegg til kraftfôret. Dersom søyene byrjar å bli magre, så kan det vera ei løysing å avvenne lamma noko tidlegare enn vanleg, slik at søyene berre skal fø seg sjølv. Manglar ein heilt beite til lamma, så kan ein setja dei inn på fiberrikt kraftfôr og minimum med grovfôr. Vekstsesongen er enda ikkje over, men ein kan vel alt nå slå fast at mange vil ha mykje mindre grovfôr enn vanleg når ein skal starte på årets innefôringssesong.

Lite grovfôr krev god planlegging

Mange reknar grovfôrlageret sitt i tal rundballar. Hugs da på at ein rundball med godt fortørka gras inneheld mykje meir fôr enn ein fuktig rundball. Situasjonen kan difor vera litt betre enn ein trur. Fôrmengda kjem også an på haustetidspunktet. Fôrverdien går som kjent ned når graset blir seint hausta. I samband med eit fagmøte om fôring av sau på Vinstra, Gudbrandsdalen, for ein del år sidan, vog Norsk Landbruksrådgjeving rundballar og sende inn grovfôranalyser av rundballane for møtedeltakarane. Her er resultatet når det gjeld tørrstoff- og energi-innhald i ulike rundballar (tabell 1).

Resultatet syner at det er stor variasjon i mengde fôr i ein rundball, fyrst og fremst avhengig av kor mykje vatn det er i rundballen. Rundball nr. 1 inneheld under halvparten av fôrmengda og energimengda samanlikna med rundball nr. 4. Ei rundballevekt og ei grovfôranalyse vil difor

Tabell 1: Fôrmengde- og verdi i ulike rundballar:

Nr.	Type grovfôr	Tørrstoff (TS)%	Vekt rund-ball	Kg grovfôr TS	% TS av nr. 4	FEm/ kg TS	FEm pr. rund-ball	% FEm av nr. 4
1	Surfôr 1. slått 25.07	22,6 %	680	154	44 %	0,79	121	45 %
2	Surfôr 2. slått 20.08	34,9 %	650	227	65 %	0,86	195	72 %
3	Surfôr 1. slått 27.06	42,9 %	570	245	71 %	0,83	203	75 %
4	Surfôr 1. slått 10.06	51,7 %	670	346	100 %	0,78	270	100 %
5	Surfôr 2. slått 15.08	21,2 %	900	191	55 %	0,84	160	59 %
6	Surfôr 2. slått 01.09	44,9 %	665	299	86 %	0,84	251	93 %
7	Surfôr 1. slått 16.06	31,7 %	940	298	86 %	0,88	262	97 %

Tabell 2: Fôrtrong i FEm og AAT for ei søye gjennom ein innefôringssesong:

Søye nr.		FEm/dag	AAT pr. FEm
1	Søye 82 kg vedlikehaldsfôring	0,9	82
2	Søye 82 kg i dårleg hold skal gå opp 1 holdpoeng i løpet av 150 dagar	1,4	78
3	Søye 82 kg og drektig med tvillingar fire veker før lamming	1,6	85
4	Søye 82 kg med tvillingar som skal vekse 350 g/dag 0,4 FEm/dag i haldmobilisering frå søya	2,8	102

Tabell 3: Innhald i grovfôr hausta litt før full skyting:

	% tørrstoff	NDF pr. kg tørrstoff	FEm pr. kg tørrstoff	AAT pr. kg tørrstoff	PBV pr. kg tørrstoff
Grovfôr middels tidleg hausta	30	621	0,85	72	7,4

Tabell 4: Sannsynleg grovfôropptak ved appetittfôring for ei 82 kg vaksen søye:

	Kg fôr	Kg grovfôrtørrstoff	FEm	AAT
Før lamming	4,5 kg	1,3	1,2	97
Etter lamming	5,4 kg	1,6	1,4	116

Tabell 5: Kraftfôrbehov og grovfôrandel ved appetittfôring av grovfôr:

Søye nr.		Kg kraftfôr pr. dag (Formel sau)	Andel grovfôr-tørrstoff i rasjonen av totalt tørrstoffopptak
1	Søye 82 kg vedlikehaldsfôring	0	100 %
2	Søye 82 kg i dårleg hold skal gå opp 1 holdpoeng i løpet av 150 dagar	0,2	88 %
3	Søye 82 kg og drektig med tvillingar fire veker før lamming	0,4	79 %
4	Søye 82 kg med tvillingar som skal vekse 350 g/dag, reknar med 0,4 FEm/dag i haldmobilisering frå søya	1,4	56 %

vera ekstra viktige hjelpemiddel denne fôringssesongen for å få betre oversikt over grovfôrsituasjonen. Om du ikkje har gjort dette tidlegare år, så prøv det nå! Ta kontakt med Norsk Landbruksrådgiving. Nokre kraftfôrleverandørar tilbyr også uttak av grovfôranalysar.

Korleis bruke fôret gjennom vinteren?

Når ein har for lite grovfôr har ein to alternativ: Anten kjøpe grovfôr - dersom det er å få tak i. Eller fôre avgrensa med grovfôr og bruke meir kraftfôr. Alt tyder på at prisen på grovfôr kan bli høg dette året. Difor kan det bli rimelegare å fôre avgrensa med grovfôr og auke kraftfôrbruken. Dette betyr at **alle søyer må ha kvar sin eteopning**, slik at alle kan eta samstundes. Den som har lagt opp til fôringssystem med fleire søyer pr. eteopning, må difor sjå på moglegheiter for å lage ekstra fôrbrett slik at alle søyene får kvar si eteopning, kjøpe NH_3-halm og fôre berre med dette - eller blande halm og surfôr slik at det heimeavla grovfôret varer lenger med appetittfôring. Har ein kraftfôrautomat, kan ein gje fiberrikt kraftfôr fleire gonger om dagen frå den. Dette vil truleg også redusere opptaket av grovfôr.

Må ha ei viss mengde grovfôr

Sauen treng ein viss andel grovfôr i fôrrasjonen, fordi grovfôrfiber (NDF) stimulerer drøvtyggingа og spyttproduksjonen. Dette er viktig for at det ikkje skal bli sur vomgjæring og dårlege livsvilkår for mikrobane som bryt ned fôret i vomma. Nok grovfôrfiber er også viktig for at det skal bli eit godt flytelag i vomma som bremsar passasjen av fôr, slik at vommikrobane får nok tid til å bryte ned det nedbrytbare fôret i vomma. Dette er viktig for å oppnå ei best mogleg utnytting av fôret. Fôrtrongen til ei søye varierer mykje gjennom ein innefôringssesong (tabell 2).

Når vi skal spare grovfôr, er det viktig at vi alltid syter for at det er ein stor nok andel grovfôr og grovfôrfiber i totalrasjonen til sauen. Når fôrbehovet er stort, må ein som regel ha ein stor andel kraftfôr i rasjonen for å dekke opp energi- og proteintrongen, sjølv med appetittfôring med grovfôr. I Nortura har vi laga fôrplanleggingsverktøyet Nortura saueføring, der vi kan rekne på sannsynleg grovfôropptak ut frå fiberinnhaldet (NDF/kg TS) og energiinnhaldet (FEm/kg TS) i grovfôret. Vi tek utgangspunkt i grovfôr hausta ein stad mellom begynnande og full skyting (tabell 3 og 4).

Dersom vi skal dekke energitrongen gjennom innefôringssesongen ut frå tabell 2, får vi fylgjande kraftfôrbehov og samansetning av fôrrasjonen ved appetittfôring med grovfôr (tabell 5).

Redusert grovfôr må kompenserast

Dette viser at det er enklast å spare grovfôr når fôrbehovet er lågt. Da vil rasjonen likevel innehalde nok grovfôr til at drøvtygging og flytelag fungerer tilfredsstillande. Dersom vi planlegg å halvere grovfôrrasjonen frå 4,5 til 2,3 kg surfôr i lågdrektigheitstida, må vi auke kraftfôrrasjonen med ca. 0,6 kg om vi skal gje same energimengda til sauen. Ein slik rasjon vil innehalde ca. 50-70 % grovfôr, altså ca. like mykje som etter lamming. Dette vil kunne fungere bra.

30 % redusert grovfôr går bra

Vi tenkjer oss ein sauebonde som set inn sauen ca. 15. oktober og har medel paringsdato ca. 1. desember. Da vil søyene vera høgdrektige frå starten av mars og ▶

medel lammingsdato vil vera ca. 1. mai. Vidare er vanleg dato for beiteslepp ca. 20. mai for denne bonden. Ved å redusere surfôrtildelinga frå 4,5 kg (appetittfôring) til 2,3 kg surfôr fram til ca. 1. mars, reduserer han samla grovfôrforbruk med ca. 30 % samanlikna med appetittfôring med grovfôr i heile inneføringsperioden.

Valg av kraftfôrslag

Kraftfôrprodusentane har fleire kraftfôrslag å by på til sau. Prisane er temmeleg like pr. FEm. Ein bør da velja eit av dei fiberrike kraftfôrslaga, fordi dette vil fylle litt meir i vomma og auke fiberinnhaldet i rasjonen. Er grovfôret veldig seint hausta, bør ein velje eit kraftfôr med positiv PBV (Protein Balanse i Vomma), fordi grovfôret sannsynlegvis har negativ PBV. Dette er viktig for at vommikrobene skal få nok protein.

Sauen er ikkje mett!

Når ein fôrar avgrensa med grovfôr, er ikkje søyene mette og fôrbrettet står tomt store delar av dagen. Dette kan føre til uvanar som gnaging på treinnreiing og at dei nappar ulla av kvarandre. Søyene bør difor få tilgang på halm eller anna «gnag». Det vil vera god sysselsetting mellom måltida med grovfôr og kraftfôr.

Det er meir lønsamt å gje meire kraftfôr enn å redusere for mykje på søyeflokken når ein har lite grovfôr.

Kor lite grovfôr kan du greie deg med?

Kor lite eigenprodusert grovfôr kan du greie deg med? Korleis berge flokken med 30 % av normal grovfôravling? Vi har rekna litt på eit eksempel.

Redusér påsett

Vi har for tida overproduksjon av spesielt sauekjøtt. Nortura Totalmarked oppmodar difor til at sauebøndene reduserer påsettet sitt slik at ein startar årets inneføringssesong med 4 % færre søyer enn i fjor. Vidare må ein utnytte alle mogelegheiter til kjøp av grovfôr. Sjølv om kornhausten også er dårleg, så er kornprodusentane sterkt oppmoda om å ta vare på halmen i år.

Kjøp halm

Difor - om du ikkje har halm sjølv - prøv å få tak i halm frå kornprodusentar. Felleskjøpet og andre har elles teke på seg ei formidlarrolle mellom kornprodusentane og husdyrprodusentane. Sjå: https://www.felleskjopet.no/kraftfor/halmformidling/ Vi håpar og trur difor det kan bli ein del NH_3-halm å få tak i. NH_3-halm saman med kraftfôr med positiv PBV, er fullt brukande fôr til lågdrektig sau. Regionane i Norsk Landbruksrådgjeving tilbyr også lokal fôrformidling. Vi kan rekne litt på korleis sauebonden vi omtala ovanfor kan spare eigenprodusert grovfôr. Vi seier han i utgangspunktet har 150 vaksne søyer og 50 påsettlam og medels tidleg hausta grovfôr i rundballar. Rundballene veg 700 kg, det er ca. 180

Tabell 6: Behov for rundballar for ein sauebonde med 200 søyer og korleis han kan spare grovfôr ved avlingssvikt:

Tiltak		Behov for rundballar	Sparte rundballar	% av normalavling
	Full appetittfôring	270		
1	Redusere saueflokken med 5 % dvs. 10 færre påsettlam	260	10	96
2	Tiltak 1+ restriktiv fôring (50% av appetittfôring) med grovfôr i lavdrektigheitstida	180	90	67
3	Tiltak 1 + restriktiv fôring (50% av appetittfôring) i heile drektigheitstida	146	124	54
4	Tiltak 1 + berre NH_3-halm i lavdrektigheitstida*) + restriktiv fôring av grovfôr i høgdrektigheitstida	66	204	24

*) Her vil det vera behov for å kjøpe ca. 110 rundballar med NH_3-halm.

Definisjon av ulike fôringsperiodar

- Lavdrektigheitstida: Frå innsett til 8 veker før lamming
- Høgdrektigheitstida: Frå 8 veker før lamming til lamming
- Lammingstida: Lamming til beiteslepp

Tabell 7: Fôrplan med NH_3-halm i lavdrektigheitstida, 82 kg søye:

Søye lavdrektig dårleg hold	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
NH_3 behandla halm 80 % ts	0,86	1,1	0,58	57,5	-27,5
Kraftfôrbehov					
Kg kraftfôr *)		0,8			
Søye lavdrektig godt hold	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
NH_3 behandla halm 80 % ts	0,86	1,1	0,58	57,5	-27,5
Kraftfôrbehov					
Kg kraftfôr *)		0,43			
Påsettlam	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
NH_3 behandla halm 80 % ts	0,42	0,6	0,29	28	-13,6
Kraftfôrbehov					
Kg kraftfôr *)		0,9			

*) Kraftfôret bør ha minst + 10 g PVB/FEm

Tabell 8: Fôrplan med 50 % appetittfôring med middels tidleg hausta surfôr i lavdrektigheitstida, 82 kg søye:

Søye lavdrektig dårleg hold	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
1. slått surfôr < 25 % kløver middels tidleg hausta 30 % ts	0,68	2,3	0,57	48,7	5,0
Kraftfôrbehov					
Kg fiberrikt kraftfôr		0,9			
Søye lavdrektig godt hold	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
1. slått surfôr < 25 % kløver middels tidleg hausta 30 % ts	0,68	2,3	0,57	48,7	5,0
Kraftfôrbehov					
Kg fiberrikt kraftfôr		0,43			
Påsettlam	**Kg TS**	**Kg fôr**	**FEm**	**AAT**	**PBV**
1. slått surfôr < 25 % kløver middels tidleg hausta 30 % ts	0,37	1,2	0,32	27	2,7
Kraftfôrbehov					
Kg fiberrikt kraftfôr		1,0			

FEm pr. rundball. Dersom han får tak i ballar med NH_3-halm, så veg desse 220 kg og inneheld 120 FEm pr. rundball. Med full appetittfôring treng han 270 rundballar surfôr, eller 1,4 rundballar pr. sau. Dette greier han fint å dyrke i eit normalår. Han har fått kraftig avlingssvikt i år og må setja inn tiltak. Her er ulike forslag (tabell 6).

Bruk det beste grovfôret rundt lamming

Behovet for innkjøpt kraftfôr vil sjølvsagt auke vesentleg med restriktiv tildeling av grovfôr og bruk av NH_3-halm. Men det er likevel god økonomi å ikkje redusere flokken meir enn det som er tilrådd for å få betre marknadsbalanse. Ein stor reduksjon av flokken på grunn av lite grovfôr, vil føre til at ein dreg med seg tapet inn i komande år når det blir normale grovfôr-avlingar. Får ein tak i halm, og ein har nok grovfôr til restriktiv tildeling, så kan ein sjølvsagt kombinere halm og restriktiv tildeling av grovfôr, slik at søya blir mett. Ein må uansett planlegge, slik at ein kan ha appetittfôring med det beste grovfôret ein har hausta i tida rundt lamming. I dette eksempelet kan ein, med bruk av NH_3-halm i lavdrektigheitstida, og restriktiv tildeling av grovfôr i resten av drektigheitstida, greie seg med 30 % av normalavling.

Hjelpemiddel for å berekne rett fôring

Ei surfôrvekt, fôranalyser, fôrplanlegging og gode råd er gode hjelpemiddel for å rekne seg fram til rett fôring. Aktuelle nettadresser der ein finn informasjon om dette er:

- Rundballevekter/silovekter: www.teo.no
- Grovfôranalyser: www.eurofins.no/vare-tjenester/landbruk/grovfor-drovtyggere.aspx www.ofotlab.no
- Fôrplanleggingsverktøy: Nortura Saueføring, logg inn på medlem.nortura.no/smaafe og gå inn på «Beregningskalkulatorer».
- Gode råd: medlem.nortura.no/smaafe/raadgiving/fagpersoner

Økonomiske vurderingar

Oppsummert: Det finst fleire måtar å tenke på for å kome seg igjennom vinteren utan for store økonomiske tap. Korleis slår dei ulike «bergingregima» ut økonomisk? Vi har rekna litt på tre scenarier:

1. Tidleg nedslakting kontra meir kraftfôr?

Eks. 1: Tidleg slakting av ikkje slaktemogent lam på eit uttørka heimebeite samanlikna med å sluttfôre lammet på fiberrikt kraftfôr og minimum mengde grovfôr:

Dette eksempelet er berekna med «Slakteoppgjerskalkulatoren 2018» som du finn under «Beregningskalkulatorer» på Medlemsportalen.

Føresetnad ikkje slaktemogent lam:
- Distriktssone 2 i lammering, pulje 130 dyr eller meir
- Lam levert veke 32 med 13,3 kg slaktevekt (ca. 35 kg l. vekt) kl. O
- Slakteoppgjer inkl. tilskot: **Kr 764**

Føresetnad sluttfôra lam:
- Sluttfôring i 28 dagar, tilvekst 350 g/dag
- Lam levert veke 36 med 17,9 kg slaktevekt (ca. 45 kg l. vekt) kl. R (lammet oppnår da Gourmet- og Stjernelamtillegg og kvalitetstillegg)
- Slakteoppgjer inkl. tilskot: **Kr 1 634**

Konklusjon:
Dette gjev eit vederlag for sluttfôring på kr 870 pr. lam eller kr 31 pr. dag. Dersom vi reknar kr 6 pr. dag i fôr, er vederlag til arbeid kr 700 pr. lam eller kr 25 pr. lam og dag. I tillegg får Nortura tilførslar av lam som det er mogleg å bruke til gode, lønsame produkt og ikkje berre fårikålkjøttråstoff.

2. Redusert flokk (nedslakting) kontra meir kraftfôr

Eks. 2: Flokk på 100 søyer, nedslakting til 50 søyer samanlikna med å halde søyetalet stabilt og gje 50 % mindre grovfôr og kompensere dette med å auke kraftfôrforbruket:

I eit normalår er kraftfôrforbruket 70 FEm pr. søye. Med grovfôrsparing aukar kraftfôrforbruket til 190 FEm pr. søye. I normalår er dekningsbidraget kr 3 000 pr. søye. Ved å spare på grovfôr og auke kraftfôrforbruket, blir dekningsbidraget kr 2 660. Ved nedslakting reknar vi med at ein kan vera oppe i 75 søyer året etter avlingsskadeåret ved å setja på ekstra mange påsettlam.
- Tapt dekningsbidrag ved å spare grovfôr og auke kraftfôrforbruket i avlingsskadeåret blir i dette eksempelet: Kr 340 x 100 søyer = kr 34 000.
- Tapt dekningsbidrag på 50 søyer i avlingsskadeåret ved å slakte ned vert kr 150 000.
- Tapt dekningsbidrag på 25 søyer året etter avlingsskadeåret vert i tillegg kr 75 000

Konklusjon:
Sum brutto tap ved nedslakting:

150 000 + 75 000	=	kr 225 000
- Redusert dekningsbidrag ved meir kraftfôr		kr 34 000
Netto tap ved nedslakting (redusert flokk)		kr 191 000

3. Svakere fôring og mindre produksjon

Eks. 3: Gje søyene mindre fôr og dermed oppnå lågare produksjon:

Dersom tal lam om hausten går ned frå 1,7 lam pr. søye til 1,5 lam pr. søye og medel slaktevekt går ned frå 19 kg slaktevekt til 17 kg slaktevekt, vil dekningsbidraget da gå ned til ca. kr 2 500 pr. søye.

Konklusjon:
Brutt tap for flokken:

Kr 500 x 100 søyer	=	kr 50 000
- Fradrag for reduserte fôrkostnader?		kr 0
Netto tap for flokken		kr 50 000

Hovedkonklusjon:

- **Det lønner seg å prøve og levere slaktemogne lam som oppnår kvalitetstilskot og kvalitetstillegg.**
- **Det lønner seg å halde produksjonen oppe, både når det gjeld tal søyer og produksjon pr. søye, sjølv om dette betyr at ein må kjøpe inn meir fôr.**

Høg avdrått og slaktemogne lam – lønnsomt også i år med knapp tilgang på grovfôr.